Eit anna eksempel på spenninga i NLM mellom kjellar og førstetasje handlar om korleis vi skal handtera vår lutherske konfesjon. Den lutherske lære med Bibelen som øvste norm og med vedkjenningskriftene som avleda norm er nedfelt både i NLM og i IEL-P. Eg har likevel merka meg at når eg har sitert frå Konkordieboka, og endå til frå Confessio Augustana (som jo er forpliktande for oss offisielt), så har eg opplevd at ein misjonærkollega meinte at misjonærar ikkje burde ta opp slike tema som eg tok opp (eg prøvde å drøfta kva som er

luthersk identitet). Min peruanske overordna svara til dette at Konkordieboka er gyldig kjelde i IEL-P.

Ein annan gong las eg nokre avsnitt frå Konkordieformelen (som ikkje er forpliktande for NLM, men som må seiast vera ein luthersk tekst), og ein peruansk kollega spurde meg om boka eg las var katolsk. Nei, sa eg, eg les frå hovudkjelda til kva som er luthersk teologi. I offisielle handlingar er både NLM og IEL-P lutherske, men i praksis er spenninga stor i forhold til andre typar teologi og spiritualitet som bur i kjellaren.

Hermed skulle det vera indikert at temaet "brua mellom teologi og antropologi" handlar om langt meir enn at "vårt syn" (teologien) skal eksporterast ved hjelp av ei misjonærbru til Andes og der prega antropologien. Det handlar minst like mykje om at brua mellom antropologi og teologi må fungera inne i oss som skal vera misjonærar, både i den forstand at vi unngår forteiknande polemikk, dvs at vi snakkar sant om andre kyrkjesamfunn, men òg i den forstand at dersom vi kjem frå ein samanheng med sektorisert verdsbilete sjølv, så vil brua mellom antropologi og teologi ikkje bli så funksjonell hos det folket vi jobbar heller.

Tre modellar å reisa brua på

I arbeidet med å reisa brua mellom teologi og antropologi (eller kan vi kalla det kontekstualisering?) er et viktig at teologien og antropologien er i konstant og systematisk dialog. Dessutan er det viktig at det er klart at teologien, dvs Skrifta, har autoritet både over misjonæran sin kultur og dei lokale sin kultur.

Paul G. Hiebert skriv i boka "Anthropological Insights for

Missionaries” om kontekstualisering på tre måtar: avvisning av det gamle, ukritisk aksept av det gamle og kritisk kontekstualisering³⁰. Både avvisning og ukritisk aksept er ein måte å la vera å gå inn i problematikken.

Eg hugsar missiologilæraren min på Fjellhaug, D. Solheim som gav oss innføring i mange slags teologiske retningar som ”vi ikkje skulle lika” (Frigjeringsteologi, Verdskyrkjerådet osv). Etterpå presiserte han at sjølv om vi ikkje likar svara til dei andre, så må vi tørre å gå inn i problemstillingane.

Katolikkane avviste ”alt” andinsk som heidensk i starten, og i dag aksepterer dei andinsk religiøsitet bortimot ukritisk. Adventistane har vore veldig avvisande til alt som er katolsk, og dermed det andinske, men mykje tyder på at synkretismen er på full frammarsj der òg. Liknande eksempel frå luthersk mark kan vi finna i Batak-kyrkja på Sumatra.

Hiebert sitt poeng er nettopp at både total avvisning og ukritisk aksept på lang sikt fører til det same resultatet - synkretisme. I iveren etter å ta avstand frå den katolske synkretismen risikerer vi lutheranarar til slutt å hamna i det same uføret. Det Hiebert kallar kritisk kontekstualisering inneber å både lesa Bibelen i fellesskap og å fortelja opent om skikkar og ritual i den lokale kulturen. Det er her brua mellom teologi og antropologi kan ta til å byggjast.

Det er ein krevjande prosess for ein misjonær å ta del i kritisk kontekstualisering. Utanom å bevisstgjera seg på å tona ned den polemiske tonen og å unngå sektoriseringa i eige verdsbilete, så er et fremst tre ting som skal til for å utføra kritisk

kontekstualisering: 1) God teologisk kunnskap, særleg om grunnleggjande ting som trinitarisk og inkarnatorisk teologi. 2) Godt kjenneskap til lokal kultur, eventyr, sagn, skikkar, ritual osv og god evne til å leva seg inn denne livssituasjonen. 3) Evne og nådegåver til å integrera og føra dialog mellom punkt 1 og 2.

Utfordringa for ein organisasjon som NLM er at ein oftast fokuserer på evangelisering og nybrot, og mindre på teologi og kulturkunnskap. Mitt inntrykk er at dersom det blir kasta fram litt meir prinsipielle teologiske synspunkt t.d. på ein misjonærkonferanse, så blir det litt for ofte avvist med at ”vi skal ikkje gjera dette vanskeleg” eller ”det er viktig at vi ikkje blir mismodige”.

Vel verd å merka seg er det ein peruansk kollega med mange års fartstid saman med misjonæranne sa til meg – og han kunne seia det til meg fordi eg er svensk: dei danske misjonæranne kan ein del meir teologi enn dei norske. Dei norske snakkar mest om evangelisering. Det er viktig å vera evangeliserande, men Gud har gitt kyrkja si andre nådegåver òg, for at vi skal bruka heile spennet av Guds gåver til oss. Etter mitt syn er det med litt systematisk jobbing i organisasjonen, mogleg å heva den missiologiske kompetansen ganske mykje på feltet i Peru. Det anar meg at Gud har gitt nådegåver til teologi og kontekstualisering til mange NLM-misjonærar som enno ikkje har teke dei særleg i bruk.

Eksempla frå misjonshistoria med katolikkane i Sør-Amerika, adventistane rundt Titcaca og lutheranarane på Sumatra er talande nok til oppfordra oss i

³⁰ Hiebert 1985:184-192

NLM til prøva å læra av dette i vårt arbeid, før det er for seint.

Tverrkulturell kommunikasjon

Utfordringane i å formidla brua mellom teologi og antropologi har med kommunikasjon og språk å gjera. Det som lett kan lura ein europeisk misjonær i Andes er at dei aller fleste "kristne" termane allereie er i bruk, men samtidig har desse "teologiske orda" eit sterkt preg av å vera framandord for folk flest, og særleg for dei som har quechua eller aymara som morsmål, eller som har quechua/aymara som hovudspråk i nær familiebakgrunn.

Eit ord er ikkje eit ord. Det å oversetja konkordant i Andes utan å forklara orda litt meir enn det ein i utgangspunktet trur er mogleg, det er vesentleg. Eit eksempel: Når eg skulle studera medlemskurs med eit par og boka begynte med "frelst av nåde" innsåg eg fort at før vi hadde hatt lange rundar om åndene, kreftene, Guds allmakt og dei gule og grønne firfislane, så var ordet "nåde" for dei som skulle studera, anten meiningslaust eller fylt med annan type innhald enn det eg ville formidla.

For å klara å snu og vri på begripa slik – som ein må før eller seinare i ei ung kyrkje når det første nybrottsstadiet er over – så må ein våga å gjera det heile litt vanskeleg for seg ved både å spørja seg sjølv om ein har forstått kva nåde og synd osv er, men ein må òg aktivt oppfordra dei lokale til å lufta sine tankar rundt dette – sjølv om det skulle visa seg at dei ikkje er einige i "misjonen sitt syn".

Vi som misjonærar kommuniserer ofte på ein slik måte at folk forstår heilt andre ting enn det vi trur. Eg preikte ein gong om dei falske profetane i Matt 7 og la mykje

kraft i å forklara at ein blei ikkje frelst av å sitja på benken i kyrkja, men av forholdet til Jesus osv. Etterpå stilte eg kontrollspørsmål. Dei svara spontant at ein blei frelst av å sitja på benken på gudstenesta.

Heile sakskomplekset med korleis mange peruanarar oppfatar gudstenesta på er interessant, fordi mange evangeliske reknar med at nærver på gudsteneste "ex opere operato" er ei god gjerning overfor Gud. Derfor er det litt trist at forma gudstenesta skal ha er så betent frå misjonen si side i den forstand at ho helst skal likna mest mogleg eit norsk bedehusmøte – uansett kva slags teologiske konsekvensar peruanarar flest trekkjer av forma. Det kunne etter mitt syn gått an å bevart ganske mykje av den varme stilen frå bedehusa i Noreg, og samtidig sørgja for teologisk kvalitetssikring av det som blir gjort og sagt i gudstenestesamanheng.

Andre gonger får du som misjonær sær sars indirekte spørsmål. Det var eit par som hadde mista spedbarnet sitt, og mora fortalde meg at ho hadde drøymt at barnet hadde døytt. Så sa dei ikkje meir. Heldigvis skjøna eg at dei kanskje var redde at draumen hadde samanheng med at dei trudde at dødsfallet var straff for ei synd dei hadde gjort. Men det var eg som måtte spørja meg fram til dette. Då snakkar vi om akademisk utdanna menneske.

Eg hadde som hobby å spørja folk om kva dei hadde lært på CLET, og det var mangt slag, skal eg tru informantane mine. Det kan jo vera informantane mine har misforstått, men når mange har oppfata nøyaktig det same så har eg begynt å lura litt. Mange gonger trur eg rett og slett at lærarane på CLET ikkje

har lese seg skikkeleg opp på faget dei har undervist i. Andre gonger handlar det kanskje om at visse svake punkt og hol i teologien i NLM-Noreg blir større av å interagera med andinsk kultur. Dette seier eg sjølv om eg har sett at undervisninga på CLET har hatt stor positiv verdi for IEL-P.

Trinitarisk teologi

Det blei sagt på ei gudsteneste i IEL-P at Gud Fader døydde på korset. Eg tok det opp med vedkomande, men det blei hevda at slik hadde dei undervist på CLET. Etter kvart som eg blei kjent med songboka i IEL-P fann eg ut at det var den same type teologi å finna der: "Kristus er Fader" (Cristo es Padre; nr 170).

Kva blir då konsekvensane av dette? For det første er det å leggja så mykje vekt på einskapen i guddomen at det oppstår identitet mellom første og andre personen i guddomen ei vranglære som heiter modalisme og som er avvist for lenge sidan.

I andinsk kontekst handlar dette i praksis om at dersom Jesus er Gud og heile Gud, så trengst det jo ikkje ein transcendent og allmechtig Skapar og Lovgjevar før og utanom skapningen. Dermed finst det ikkje plass til absolutte etiske bod, og då er grunnlaget for tradisjonell luthersk lovforkynning borte. Når Jesus døyr på langfredag er jo Gud død, og dersom ein tenkjer andinsk modalistisk, så blir universet utan Gud ei stund. Derfor er det i Andes lov å stela frå åkeren til naboen langfredag kveld, for Gud er død og ser ingen ting.

Den andre konsekvensen for skapingsteologien er at sidan naturen er guddommeleggjort i andinsk tru, og ein skal ta avstand frå denne trua når ein blir evangelisk. Då tek ein ofte avstand så kraftig at alt blir verdsleg (mundano).

Derfor blir all type moro ofte sett på som synd. Eg fekk ein gong eit sjelesørgjerisk spørsmål om det var synd å spela fotball. Grunnlaget for diakoni – som kjærleikshandling – fell òg bort i den andinske versjonen av modalismen. Den gnostiske tendensen i dette er tydeleg.

På ein måte kan ein godt seia at dette er ein konsekvens av eit svakt punkt i sambandsk spiritualitet. I ritualet for vigsling av misjonærar, så skjer det riktig nok i "den treeinige Guds namn", men utsendingane får berre spørsmål om dei trur på Jesus. Ingen spørsmål om trua på Faderen og Den Hellige Ånd. På same måte er sambandsk bønnepraksis ein indikasjon på dette. Når eg begynte å ta opp at Gud er Treén fekk eg motspørsmålet: Kvifor lærte misjonærane oss då å be "Jesus, Jesus, Jesus"? Ein grunn til dette kan vera at det er forholdsvis få skrivne bøner i NLM. Sidan dei frie dominerer, der det er opptil kvar enkelt å formulera seg, er det enklare at den teologiske tendensen i bønnepraksisen flyttar på seg.

Inkarnasjonsteologi

Jesus er òg ein person som kan bli oppfata på mange vis. Det at Jesus i Andes blir omvandla til forskjellige Herrar (Señores) er kjent. Då snakkar vi om at Jesus låner ut legitimiteten sin til lokale andinske gudekrefter. Men i opposisjon til desse materielle Jesusstatuane, som det jo er høgst legitimt å kritisera, går mange så langt at dei legg utelukkande vekt på Jesus si åndelege eller guddommelege side.

Den første jula mi i Peru var opplysende i så måte. Så og seia alle juleandaktar og preiker handla om Jesus, og om å ta imot han i hjarta sitt. Det er jo sjølv sagt eit anliggjande eg delar, men eg la samtidig merke til at inkarnasjonen aldri blei

nemnt. Det blei ikkje sagt noko som helst som kunne tyda på at jul hadde å gjera med at Gud allmechtig gjorde seg liten og svak og blei menneske (kjøt).³¹ Eg spurde ein av dei peruanske kollegaane om kvifor ikkje inkarnasjonen var viktig i julefeiringa, og fekk til svar at dei evangeliske i Peru var opplært til at det var "å ta imot Jesus i hjarta" som var viktig.

Men om det er meir eller mindre uvesentleg og uviktig at Ordet blei menneske (kjøt), så har vi jo det oldkyrkjelege spørsmålet hengande over oss med ein gong: Kan Jesus frelsa det i menneskenaturen han ikkje tok på seg? I oldkyrkja svara dei "nei" på det spørsmålet og har god eksegetisk støtte i m.a. Hebr 2,14-18.

Ser ein vidare på spiritualiteten i IEL-P, så er det forholdsvis enkelt å oppdaga korleis mangelen på sakssvarande inkarnasjonsteologi får konsekvensar. Dels blir det kroppslege, med dertil høyrande aktivitet og liv, veldig ofte avvist som "verdsleg" eller syndig. Vidare trur eg at den sterke trua på at all motgang og ulukke er eit straff for ein eller annan feil³², får unødvendig gode levekår så lenge det ikkje blir ofte og kraftig understreka at Jesus, menneske i kjøt og blod, leid uskuldig.

Den kanskje største konsekvensen i gnostisk retning i andinsk evangelisk spiritualitet er kanskje at ein ikkje vil vedkjenna seg det sant menneskelege og særleg ikkje dei sidene som er tunge å bera. Det ligg mykje fortrenge kjensler i folk. Desse kjenslene blir det ofte

³¹ Det er ikkje heilt sant fordi eg sjølv drista meg til å halda mitt første vitnesbyrd på spansk om nettopp inkarnasjonen.

³² Ein pastorskandidat stadfesta i spørsmålsrunden etter prøvepreika si at ein person som døyr brått og uventa ikkje gjer det utan grunn. (por algo debe ser).

oppfordra til at vi ikkje skal ta med oss til gudsteneste når vi skal møta Gud. Bakgrunnen for det er at dei andinske gudane kan bli fornærma (molesto) av folk som ikkje smilar og er fornøgde. Tanken er at den lutherske Jesus er litt lik dei andinske gudane og derfor er det så viktig med bra lovsong på gudstenestene i Andes. For meg ville det unekteleg vera vanskeleg å ha ei slik tru som skulle pressa meg til å sjå bort frå dei mørke og tunge sidene ved livet i møtet mitt med Gud.³³ Viss ein ikkje kan gå til Jesus, den inkarnerte, med det som er tungt og vanskeleg, kor skal ein då gå? I dette perspektivet blir bibelavsnitt som t.d. Hebr 4,14-16 og 5,7-8 veldig sentrale – og inkarnasjonen er forutsetjinga for at desse avsnitta skal gje meining.

Pneumatologi

Kort kan òg nemnast at pneumatologien er komplisert å forholde seg til i IEL-P. Her har det på m.a. på CLET blitt lagt sterke føringar, i beste velmeining, for å ta avstand frå karismatiske grupperingar. Av det eg har oppfata av andinsk karismatikk, så er det klart at det er ein god del usunne retningar og fenomen vi burde ta avstand frå, men den kontante måten å ta avstand frå karismatiske grupper har nok ført til at ein i IEL-P stort sett ikkje relaterer til Den Heilage Ande og ein vektlegg heller ikkje kva det vil seia å gå i Andens kraft. Gal 5,16 og Rom 8 skulle vera gode døme på at Andens kraft er vesentleg for eit kristenliv.

³³ Denne måten å leva ut trua si på resulterer oftast i at trua blir sett på som ein prestasjon. Trua blir lett ein måte å førestilla seg forskjellige ting. Når livet blir vanskeleg blir det ofte sagt at "Gud finst ikkje for meg lenger" (Dios ya no existe para mí.) Både tru som "det å halda for sant" (fides) og "tillit" (fiducia) bryt saman, men mest bryt det reformatoriske fiducia saman.

Ikkje minst er det viktig å leggja til rette for ein pnevmatologi som kan svara på, og integrera, påstandar om draumar frå Gud o.l. Eg har møtt opptil fleire som viser til draumar når dei skal fortelja korleis dei kom til tru og/eller har blitt bevart. Med tanke på den kamp mange i IEL-P har for å leva som kristne menneske vil eg tru at meir åndsfylde hadde hjelpt. IEL-P treng sårt karismatiske impulsar, men mange i IEL-P ser ut til å ha lukka seg for alle former for karismatikk. I modalistisk tradisjon er det jo Jesus, og berre Jesus som er viktig å forholde seg til.

Forhistoria til andiniseringa av teologien i Andes

Slik eg ser det har IEL-P, iallfall på det folkelege nivået, på fleire punkt hamna i ein teologi i spenning med klassisk kristendom slik vi har han frå Bibelen, oldkyrkja og reformasjonen. Andiniseringa er på mange punkt tydeleg og sterk på dei djupe plana³⁴. Det vi elles veit om misjonshistoria lèt oss ana at desse utfordringane vil bli endå større om ein generasjon eller to i IEL-P.

Korleis har dette vore mogleg? Eg har allereie peika på at mange misjonærar frå NLM ikkje har satsa mykje på å skaffa seg solid teologisk innsikt. Derfor får desse tendensane ofte utvikla seg utan at det blir lagt merke til. På innvendingar og spørsmål om korleis ting henger saman, blir det ofte svara, på misjonærkonferansar osb, at teologi er vanskeleg og at det er forkynninga og vitnesbyrdet som er viktig. Det er riktig at forkynning og vitnesbyrd pregar folk – positivt og negativt. Derfor er det uhyre viktig å

analysa kva som faktisk blir sagt i forkynning og vitnesbyrd.

Ein annan grunn er sannsynlegvis at gudstenestene i IEL-P er så frie som dei er – og då blir det på spontan basis sagt mange ting frå preikestolen som verken er god lære eller god sjelesorg. Men det som blir sagt pregar spiritualiteten og trua til dei som går på gudstenestene likevel. Vi kan gjera eit tankeeksperiment: Kva ville skje med trua i Dnk om det blir like stort liturgisk frislipp der som på bedehuset? Glidninga i tru har vore stor nok i Dnk med den liturgien som er, men eit liturgisk frislipp ville sannsynlegvis akselerert utglidninga kraftig.

Eit anna moment som kan vera ein delgrunn til andiniseringa av teologien i IEL-P, er NLM (og resten av den evangeliske fløya) sin tydelege brodd mot katolikkane. Ein har ofte konsentrert seg om å avvisa katolsk lære, og dermed har barnet ofte blitt kasta ut med badevatnet. Både trinitarisk og inkarnatorisk teologi har vi stort sett felles med katolikkane og mykje er likt mellom lutheranarar og katolikkar i synet på dåp og nattverd òg. Men vi snakkar så lite som mogleg om det vi har felles med katolikkane – og då skjer jo det som må skje – den andinske spiritualiteten går inn og pregar dei "hola" som oppstår på dei områda vi ikkje underviser tilstrekkeleg klart.

Ytterlegare ei side av saka det er verdt å sjå på er at i Sør-Amerika har NLM drive misjonsarbeid utan tett samarbeid med andre grupper, verken lutherske eller andre. I Austen har NLM derimot hatt forholdsvis tette kontaktar med andre lutherske kyrkjesamfunn og det har eksistert samarbeid om teologiske seminar. I Aust-Afrika (og delvis Indonesia) har samarbeidet vore endå

³⁴ På overflaten framstår derimot evangelisk kristendom ofte som "moderne og vestleg" og som vegen til å bli like rik som folk i dei nordamerikanske såpeseriane.

tettare, sidan NLM arbeider integrert i store kyrkjesamfunn med mange impulsar. Mongolia og Elfenbeinskysten ser eg bort frå i denne samanheng.

Poenget mitt er at NLM er ein profilert organisasjon som vektlegg visse ting sterkt, samtidig som andre sider ved kristen tru i praksis blir sett på som mindre viktig. Dei delane i NLM sin tradisjon som står svakt i Noreg, har blitt endå meir svekka i overleveringsprosessen i Sør-Amerika. Sannsynlegvis har impulsane frå andre grupper, som er sterke på andre ting, i dei andre landa NLM har arbeid, gjort at dei svake sidene ved NLM har blitt delvis kompensert, samtidig som NLM sine sterke sider har kompensert for svake sider hos mange av dei andre misjonsorganisasjonane. Eg vil nemna at den av samarbeidskyrkjene til NLM eg kjenner best ved sida av IEL-P er ELCK i Kenya. ELCK som kyrkjesamfunn, har så langt eg kan skjønna og så langt eg forstår av andre fått verdifulle impulsar frå Pokot, og indirekte frå NLM.

Som siste punkt i analysen av kvifor det har gått som det har gått i Sør-Amerika for NLM, òg i drøftinga av kva brua mellom teologi og antropologi er, så vil eg seia litt til om inkarnasjonen.

Teologi er læra om Gud. Antropologi er læra om menneske. Den einaste fullstendige brua mellom Gud og menneske er Guds Son, inkarnert i kjøt og blod. Derfor vil eitkvart misjonsarbeid som ikkje legg stor vekt ved inkarnasjonsteologien tendera til å bli anten åndeleg-gnostisk eller immanent-social gospel. Risikoen for dei som ikkje fokuserer tydeleg på inkarnasjonen er å kasta ut det verkelege Barnet (Jesusbarnet) saman med det skitne

badevatnet vi finn så mykje av i m.a. Andes.

Brua mellom teologi og antropologi, slik vi har ho i inkarnasjonen, inneber nødvendigvis at Gud endå ein gong³⁵ har anerkjent det skapte, det materielle. Det er i Jesus vi finn det sant menneskelege, uskadd av synda. Derfor hadde Pilatus meir rett enn han visste det sjølv då han peika på Jesus og sa: Sjå det mennesket! (Joh 19,5). Frelsa vår er avhengig av at den evige og allmektige Gud fekk kropp. Eit av dei sterkaste versa i Bibelen som handlar om vranglære, handlar nettopp om dei som avviser inkarnasjonen (1 Joh 4,2-3).

Her vil eg kontrastera dette med eit sitat frå ei velkjend bok i NLM: Ludvig Hope si "Kyrkja og Guds folk". På side 110 i bokmålsversjonen står det om det som skjedde i det andre hundreåret etter Kristus: "Det er ikkje bare ein forfatningsendring, det er ein trosendring, som her har gått for seg. Det personlige samfunn med Kristus er kristenlivets løyndom og kraft. Dette samfunn med Kristus og med Gud er nå blitt knyttet til ytre former og betingelser. Der i består katolisismens vesen."

Anliggandet til Hope er riktig slik eg ser det. Det kan bli, og blir ofte, altfor mykje ytre ritual og leppers vedkjenning. Men når Hope avviser at samfunnet med Gud skal vera knytta til "ytre former og betingelser" oppstår det ei spenning mellom førsteetasjen i huset og kjellaren. Både dåp og nattverd har ytre form. Det hørbare ordet har ei ytre form. Men mest av alt, så er frelsa vår avhengig av at Guds Son tok på seg "ytre former og betingelser", dvs han tok på seg kjøt og blod og blei i alt som oss, men utan synd.

³⁵ Han gjorde det første gong då han skapte verda.

Det er riktig at Hope her ikkje snakkar om inkarnasjonen. Han tenkjer på kyrkjeordningar og gudstenesteordningar om eg har skjøna han riktig. Men han uttrykker seg såpass generelt og ubeskytta at det er på sin plass i eit føredrag om "brua mellom teologi og antropologi" å understreka at den brua djupast sett berre kan eksistera ved at Guds Son tok på seg "ytre former og betingelser".

Vi er avhengig av "ytre former og betingelser" for vår frelse. Vi er avhengig av god inkarnasjonsteologi i alt langsiktig misjonsarbeid, skal vi unngå å kasta ut sjølve Barnet med badevatnet og skal vi halda fast på brua mellom teologi og antropologi. Dette gjeld i særleg grad for NLM sitt snart 30 år gamle misjonsarbeid i Andes.

Nytt fra Fjellhaug Misjonshøgskole

1. Er studietilbudene ved Fjellhaug Misjonshøgskole (FMH) relevante for den misjonærutdanning NLM trenger i årene framover?

Dette spørsmålet er ofte på dagsorden både innad i kollegiet på Fjellhaug og i samtaler med hovedkontoret og hovedstyret for NLM.

Vi har etter min mening et allsidig studietilbud fra ettårige tilbud til treårig bachelorgrad og femårig mastergrad i teologi og misjon. Alle disse gir offentlig godkjent kompetanse. Det er viktig, men ikke det viktigste. Hvordan er innholdet i studiene, og hvilke muligheter har studentene til å bli dannet og utrustet til oppgavene som venter en misjonær i det 21. århundre? Og hva med de som ønsker å utdanne seg til en tjeneste i Norge? Er studietilbudet ved FMH også relevant for de som skal inn i forkynnelse og undervisning i forenings- og forsamlingsarbeid i Norge?

Det er ikke nok at vi ofte samtaler om dette i våre faglige råd her på Fjellhaug. Ikke minst er vi avhengige av innspill fra dere som har tatt utdannelsen her ved Fjellhaug og står i en tjeneste i misjonen. Dere som med et fint ord er vår "Alumni", eller sagt på alminnelig norsk: våre tidligere studenter. Vi planlegger en alumni-undersøkelse hvor vi vil be dere om å gi tilbakemeldinger på hva som er bra og bør videreføres eller forsterkes, og hva som dere savner både av teoretiske og praktiske tema fra årene på Fjellhaug. Jeg vil be om dere tar vel imot denne undersøkelsen når den kommer. Det vil hjelpe FMH til å bli enda bedre.

2. Som en høgskole har vi også krav fra våre myndigheter. I slutten av februar var

en NOKUT-oppnevnt komité på Fjellhaug i to dager for å undersøke om vi hadde et tilfredsstillende kvalitetssikringssystem. De intervjuet både studenter, faglig ansatte, administrasjon og ledelse. De ville vite om studentene opplevde rammene rundt studiene sine som gode. Hva med læringsmiljøet? Hva med alle rutiner knyttet til evalueringer og eksamener? De ville høre om lærernes arbeidsforhold og vurderinger av studiekvaliteten, om forskningens vilkår ved institusjonen og hvordan høgskolen ble administrert og ledet. Vi venter ennå på rapporten fra besøket, og er selvsagt spent på hva den vil inneholde.

3. Denne våren har det også vært mye fokus på det såkalte "Stjernøutvalgets" innstilling om høyere utdanning i Norge i framtiden. Denne innstillingen handler primært om de statlige universiteter og høyskoler, men forslagene i innstillingen vil også få betydning for de private høyskolene. Hovedbudskapet i innstillingen er at den høyere utdanningen i Norge må slås sammen til større enheter, for å få større faglige miljøer både for forskning og læring. Hva betyr det for en liten høyskole som FMH og de andre private høgskolene som også er små? Ja, det vil tiden vise. NLA-høgskolene har startet et utredningsarbeid med tanke på en fusjon. Hovedstyret har satt ned en gruppe som skal se på hva en skal tenke om de to heleide NLM-høgskolene.

Her blir det viktige og interessante prosesser framover. Det er ennå uvisst både når og hvordan regjeringen vil ta

Stjernø-utvalgets innstilling videre til Stortinget.

4. Midt oppi alt dette prøver vi å ha fokus på våre studenter gjennom undervisning og veiledning. Ett nytt studieår går mot slutten. M-3 studentene i nettopp kommet tilbake fra sin månedspraksis i Vest-Afrika, Etiopia, Japan, Kina og Norge. Jeg gleder meg til å høre om inntrykkene og erfaringene. Mai er også tiden for avslutningsturne – til Østfold og Vestfold denne gangen.

For meg er det avslutningsuker på Fjellhaug – etter syv år som rektor. Det har vært gode og krevende år. Gode år i et godt kollegafelleskap og sammen med mange flotte studenter. Krevende år med en omfattende omstillingsprosess med både økonomiske og faglige utfordringer. Gjennom det hele har det handlet om et ønske om å virkeliggjøre det som fremdeles er NLM's motto og mål: Verden for Kristus.

Jan Ove Selstø

Bokmelding

Forfatter: Turid Sylte.
Tittel: Passord: Teltmaker
Forlag: Lunde forlag 2007.

Av Mona Bø

Utgivelsen av Passord: Teltmaker er et samarbeidsprosjekt mellom Evangelisk orientmisjon, Normisjon, Norsk Luthersk Misjonssamband, Tent og Tibetmisjonen.

En teltmaker er en fagperson med en vanlig sekulær jobb som samtidig har et ønske om å gjøre den kristne tro tilgjengelig for nye mennesker. Forbildet er apostelen Paulus som skaffet seg inntekter gjennom sitt håndverk som teltmaker mens han reiste rundt Middelhavet på sine misjonsreiser. Teltmakere reiser til land der kristen misjon er svært vanskelig eller helt forbudt.

I denne boken prøver forfatteren å finne ut hva teltmakere tenker, gjør og hvordan de er. Dette har hun gjort ved å reise langs Silkeveien og intervjuet teltmakere. Hun gjengir også intervjuer med sentrale, navngitte skikkelser i Norge som ivrer for teltmakerarbeidet

Av teltmakerne som er inkludert er det et bredt spekter av profesjoner og typer mennesker. Her er studenter i kinesisk, lærere, forskere, spesialpedagoger og leger. Det gjør det hele troverdig. Jeg finner det også troverdig at forfatteren reiser en del spørsmål og utfordringer uten å komme med klare svar. Hun gir interessante historiske tilbakeblikk og kommenterer deler av kulturen på en god måte. Hun beskriver det kinesiske folk på en respektfull måte og det setter jeg pris på.

Det å arbeide som teltmaker er risikabelt. Selv om intervjuobjektene er anonymisert er det ikke vanskelig å spore opp hvem de er, i alle fall de norske. Vi står i et spenningsfelt mellom det å informere om arbeidet samtidig som vi må ta vare på sikkerheten til de som arbeider innen dette feltet. Jeg spør meg selv om sikkerheten er ivaretatt her?

Jeg anbefaler boken spesielt til ungdom under utdanning som er villige til å leve i Guds plan med sine liv. Dessuten tror jeg personer med interesse for kinesisk historie og kultur vil sette pris på boken. Forhåpentligvis vil boken føre til interesse, forbønn og omsorg for de som arbeider som teltmakere i dag.

Bokmelding:

Forfatter: Eddie Gibbs & Ryan K. Bolger

Tittel: *Emerging churches. Creating Christian community in postmodern cultures*

Forlag: London: Society for Promoting Christian Knowledge, 345 sider

Av Dagfinn Solheim

“Emerging churches” – kirker som dukker opp, kommer til syne. Et nytt uttrykk som brukes mye i missiologiske kretser. Hva er det tale om?

Vi forstår at det er tale om noe framtidig, som også er her alt nå. Det er tale om en kirke som kan relatere både til evangeliet og til kulturen. Vi finner et ønske om å komme bort fra en tilstivnet kirke som ikke når mennesker i dag. Dette går på former og strukturer, men også på innholdet i budskapet. Det er tale om å formulere budskapet på en måte som når inn til vår tids mennesker.

”**Emerging churches**” går på tvers av de vanlige skillelinjene som kirkesamfunn, karismatisk, ungdomsbevegelse osv. Vi ser mer et nettverk som omfatter slike som brenner for å nå ut til mennesker med evangeliet, og til samfunnet med en omskapende kraft. Vi kan tale om vekking, men ikke i en tradisjonell form. Det er en ”bevegelse” som ønsker å være et uttrykk for kirken som når de unådde. Et annet uttrykk som brukes om disse kirkene er ”frontline churches”. Noen av kirkene er store (megakirker), men det store flertallet er små kirker. Mange er huskirker. Det som kjennetegner dem er at de er kreative og forsøker å gå nye veier for å nå mennesker med evangeliet i vår tid.

Boken bygger på undersøkelser som omfatter store deler av den vestlige verden: USA, UK, Australia og New Zealand. Det er jo mer enn nok for en

undersøkelse, men det er et tap at boken ikke har et mer globalt perspektiv. Det ville gi mye inn i debatten om en kirke for vår tid.

Boken starter med et kapittel om hvorfor det er så viktig for kirken i Vesten med kulturstudier. Slike studier er mangelvare og det hindrer at kirken vokser. Det blir nevnt 11 grunner til at kristne ledere skulle studere sin egen kultur. Kirken er allerede sterkt preget av kulturen. Den har imidlertid svært vanskelig for å omstille seg når kulturen forandrer seg. De fleste kirkene har tilpasset seg et samfunn som ikke lenger eksisterer. Vi kan ta kommunikasjon som et eksempel. Fra reformasjonstiden har en lagt vekt på det verbale, lineære og abstrakte. I dag lever vi i en visuell tid. Språket i dag består av lyd, bilder, og erfaring i tillegg til ord. Lyd, bilder, berøring, ritualer og fortellinger er viktige aktiviteter i dag. Organisatorisk har en beveget seg bort fra det statiske og hierarkiske. Isteden vektlegger en nære relasjoner, smågrupper, vennskap og nettverk.

Selv om det ikke er så lett å definere ”emerging churches” har boken satt opp ni karakteristiske trekk ved slike kirker. Disse er utprøvd i forskjellige kirker, men samtidig er de fortsatt underveis. De

følgende er kjennetegn og karakteristikk på "emerging churches":

1. Å identifisere seg med Jesus
2. Å forandre samfunnet
3. Å leve som et fellesskap
4. Ønske fremmede velkommen
5. Tjene med raushet
6. Å ta aktivt del (det alminnelige prestedømmet i praksis)
7. Skapende aktivitet
8. Ledelse ut fra legemstanken (nådebasebasert)
9. Å binde sammen gammel og nåtidig spiritualitet (åndelighet)

For å begynne med det siste så vil disse kirkene binde sammen gammelt og nytt. En prøver å finne nerven og essensen i åndelige tradisjoner. Isteden for å ta vare på formene prøver en å tilpasse disse erfaringene inn i vår tid. Det blir sagt at en skal bevare tradisjonen ved konstant forandring. En vil gjenskape og nytolke tradisjonen inn i vår tid. Det blir også en balanse og spenning mellom liturgi (faste former) og spontanitet. En vil bort fra en gudstjeneste der de fleste er passive til en gudstjeneste der alle får gi uttrykk for sin gudstro med de gaver en har fått. Et helt kapittel er viet til kreativitet. Det alminnelige prestedømmet blir ofte nevnt. Vi er skapt av Gud og kan selv skape og bidra. Kunsten får en stor plass. Kunsten understøtter Ordet og forkynnelsen, men den er også en formidler i seg selv.

Et annet element er å motstå vår tids tendens til hyperaktivitet. Dette går imot trendene i kulturen, men svarer på noen av lengslene som er der: tid for stillhet, avslappa samtale, refleksjon, bønn. Ved siden av personlig gudsliv, legger en også vekt på fellesskap. Det kristne fellesskapet skal skille seg ut og også være en surdeig i samfunnet. Noen

steder forplikter de seg til en enkelt liv, et liv i renhet og gjensidig ansvarlighet.

Nattverden har en sentral plass i disse fellesskapene. En sitter sammen omkring bordet og forkynner Kristus. Det er også noe som er typisk for disse fellesskapene at det ikke er noen som taler til deg, men en spiser sammen og snakker sammen om det en har erfart.

Det er likevel ikke bare det indre og det åndelige som vektlegges. Kristendommen skal være en del av hele livet. Åndeligheten er ikke noe som bare kommer til uttrykk på gudstjenester og andre samlinger, men den skal komme til uttrykk i hele livet. ("kvardagskleda vert høgtidsskrud" sangb. 491). En vektlegger at kristne skal engasjere seg i samfunnet, være med å forandre det. Samtidig vektlegger en evangelisering og misjon. Evangeliet skal ut til alle mennesker, gjerne i nye former og på kreativ måte.

"Emerging churches" har tre kjerneverdier, de tre første som er nevnt ovenfor: Å identifisere seg med Jesus, forandre samfunnet, og å leve som et fellesskap. Det første gjelder etterfølgelse. Jesus var en tjener (komme for å tjene) som tilga andre. Han forkynte at Guds rike er nær. Når det gjelder samfunnet vil en ikke ta avstand fra samfunnet, men omforme det.

Noen nøkkelord:

- Fra passivitet til kreativitet (bidra med det jeg kan – lokalt preget ikke kopi, lek – profesjonell – mye av leken, det uhøytidelige...): bruke det en er og det en har fått, ikke spektakulært, mitt og vært, livsnært, ikke finne opp hjulet på nytt, men ta i bruk det jeg kan

mestre (se hva andre gjør) -
eksempel

- Fra kontroll til deltagelse, spontanitet og tjeneste (tjene hverandre – og andre)
- Et tempel, byggverk, et legeme: En sirkel eller mange knyttet sammen. (Living as Community), Kol 3,12-14
- Fra avstand (fra samfunnet) til deltagelse.

Til jordens ender:

Norvald Yri er kommet med en ny bok som heter:

Til jordens ender. Kristen misjon og Guds ord.

Boken har først et bibelteologisk perspektiv på misjon. Deretter skildres kristen misjon fra pinsedag til år 1500, videre perioden 1500-1900 og til slutt fra 1910 og fram til i dag.

Boken er på 670 sider og er utgitt på Genesis Forlag

Codes of Conduct - Retningslinjer for norske misjonsorganisasjoner med internasjonalt engasjement



I løpet av de siste tiår har både misjonens kontekst og misjonens arbeidsformer endret seg radikalt. Dette er bakgrunnen for at NORME har utarbeidet følgende enkle Codes of Conduct for misjonsorganisasjoner og misjonærer.

Holdninger og relasjoner

Et kristent menneskesyn

Misjonsorganisasjonene har et menneskesyn basert på Bibelens budskap som basis for sitt arbeid. Menneskets verdi er gitt utenfra – fra Gud - og er derfor uavhengig av egenskaper, ferdigheter, kultur, rase, kjønn eller alder. Menneskelivet er hellig og ukrenkelig fra unnfangelse til død. Vi forstår mennesket som et relasjonelt vesen, skapt til å leve i forhold til Gud, seg selv, andre mennesker og naturen.

Menneskerettigheter

Misjonsorganisasjonene og deres medarbeidere skal i alt sitt arbeid respektere internasjonalt anerkjente menneskerettigheter (FN's og Europarådets menneskerettighetskonvensjoner) og arbeide for at disse rettighetene respekteres.

Kristen nestekjærlighet

Kristen humanitær virksomhet bygger på en felles forståelse av vi har et ansvar for våre medmennesker og den verden vi lever i. Dette bør gjenspeiles i misjonsorganisasjonenes arbeidsmåte, –

oppgaver, og i vår holdning til mennesker, natur og miljø. Vi bør ha en særlig oppmerksomhet rettet mot de svakeste, og bestrebe oss på at vi og våre samarbeidspartnere framstår som troverdige talerør for de svake parter.

Etnosentrisme, rasistiske holdninger og kulturell sensitivitet

Misjonsorganisasjoner og deres medarbeidere tar avstand fra alle uttrykk for kulturell overlegenhetsfølelse. Slike uttrykk kan begrunne eller føre til etnosentrisme eller rasistiske holdninger. Vi ønsker isteden å legge vekt på å utvikle kulturell sensitivitet og respekt for lokale tradisjoner.

Forholdet til barn og unge

Barnekonvensjonen med sine 54 artikler gir gode retningslinjer for hvordan barn skal respekteres og behandles. Misjonsorganisasjonene og deres medarbeidere bør være opptatt av at den blir respektert

Seksuelle overgrep

Det er et mål for NORME's medlemsorganisasjoner at seksuelle overgrep og grenseoverskridende seksuell adferd ikke skal forekomme.

NORMEs medlemsorganisasjoner skal derfor ha skjerpet beredskap og klare retningslinjer som sikter på å forhindre overgrep, og som gir hjelp til å håndtere eventuelle tilfeller av overgrep på en faglig forsvarlig måte. Flere organisasjoner har gode retningslinjer som kan brukes som mal, eller en kan få hjelp fra f eks retningslinjer utarbeidet av Norges Kristne Råd. Kjøp av seksuelle tjenester må ikke forekomme.

Faglig og etisk kompetanse

Personlige og faglige kvalifikasjoner er vesentlig for alle misjonsorganisasjonene og deres medarbeidere. Både formelle kvalifikasjoner og realkompetanse er viktig. Like viktig er en høy yrkesetisk bevissthet om de forpliktelser vi har overfor utsender og lokale partnere.

Landets lover

Misjonsorganisasjonene og deres medarbeidere skal respektere lovene i de landene de arbeider i. Vi skal avstå fra korrupsjon, bestikkelse og andre ulovlige og uetiske økonomiske transaksjoner både i organisasjonens arbeid og i medarbeidernes private aktiviteter.

Lokal forankring og partnerskap

Den lokale kirke har alltid et primæransvar for misjonsarbeidet. Arbeidet bør skje sammen med, i forståelse og dialog med de lokale partnere. Misjonsorganisasjonenes bidrag bør ta sikte på å styrke partnernes selvstendighet og motvirke avhengighet. Lokal forankring er viktig for å sikre målgruppas deltakelse på alle stadier. Misjonsorganisasjonene og deres medarbeidere skal både i arbeid og fritid vise respekt for partnerkirkene og deres regler, teologi og forkynnelse.

Relasjon til andre religioner

Misjonsorganisasjonene og deres medarbeidere må vedkjenne seg sin forpliktelse til å presentere evangeliet for mennesker av annen tro. Dette bør skje i samarbeid eller forståelse med de lokale kirkene. I forbindelse med forkynnelsen av evangeliet er enhver bruk av makt, trusler, manipulasjon eller villedning - i ord eller handling - uakseptabelt. Misjonsorganisasjonene og deres medarbeidere skal behandle mennesker fra andre religioner med respekt, og arbeide for både kristnes og ikke-kristnes rett til å praktisere sin religion i tråd med sin overbevisning.

Fred og forsoning

Misjonsorganisasjonene og deres medarbeidere bør arbeide for å skape fred og forsoning mellom etniske grupper, mellom mennesker fra ulike religioner og mellom andre grupper som er i konflikt, slik at lokalsamfunnene kan styrkes.

Konflikter

Som lemmer på Kristi legeme, er vi medarbeidere i en tjeneste med ett felles, overordnet mål. Det forventes at medarbeidere viser hverandre respekt og lever i et oppgjort forhold seg i mellom. Vi er varsomme med hvordan vi omtaler nasjonale eller internasjonale kolleger, og unngår å spre rykter som kan nære konflikter eller skade andres omdømme.

Sosial rettferdighet

I sitt arbeid skal misjonsorganisasjonene og deres medarbeidere prioritere lokalsamfunnenes behov og søke å fremme sosial rettferdighet, bl.a. gjennom talsmannsvirksomhet ('advocacy'). Utviklings- og nødhjelpsinnsetts bør gjennomføres uten hensyn til religiøs, rasemessig tilhørighet eller andre

skillelinjer og bør først og fremst ta sikte på å hjelpe de svakeste i samfunnet.

Økologi

I respekt for skaperverket skal vårt arbeid gjennomsyres av høy økologisk bevissthet. Det er en målsetting å ha en bærekraftig ressursforbruk med minimale miljømessige skadevirkninger og å unngå all unødvendig forurensing (biologisk, kjemisk, støymessig, visuelt eller annet). Vi bør oppmuntre til gjenbruk og resirkulering.

Kommunikasjon

Målsetting

Misjonsorganisasjonene bør gi innspill til mediernes dekning av misjon, utviklingsbistand og nødhjelp. All vår informasjon skal være sann og troverdig og gi et respektfullt bilde av våre samarbeidspartnere.

Budskap

Misjonsorganisasjonene skal gi en sann framstilling av sin basis, sitt formål, sine verdier og arbeidsmetoder. Misjonsorganisasjonene skal informere om arbeidet med respekt for den selvforståelsen lokalbefolkningen og de lokale partnere uttrykker. Misjonsorganisasjonene bør tilstrebe åpenhet overfor mediene i saker av almen interesse. Det gjelder også forvaltningen av organisasjonenes ressurser.

Målgruppe

Misjonsorganisasjonene respekterer gjeldende regler for personvern i alle relasjoner.

Medieetikk

I profileringsarbeid bør misjonsorganisasjonene definere tiltakets målsetting. Alle tiltak skal ha respekt for verdigheten til de som omtales eller som det samles inn penger til. Ved billedbruk bør kilde oppgis, objektet være relevant, og framstillingen skje på en måte som sikrer at det ikke virker krenkende.

Ledelse og Personale

Ledelse

Misjonsorganisasjonenes overordnede ledelse skal profilere organisasjonenes formål. Ledelsen bør være representativ for den enkelte organisasjons medlemsmasse. Ledelsesformen må avspeile et kristent livs- og menneskesyn, hvor det bl.a. legges stor vekt på omsorg for personalet. Relevant kompetanse bør være til stede i ledelsen, eller kunne konsulteres.

Ansatte

Misjonsorganisasjonene bør ha et helhetssyn når det gjelder personalforhold, uavhengig av hvor man tjenestegjør. Ansatte bør sikres tilfredsstillende arbeidsforhold og mulighet for faglig og personlig utvikling. Ansatte skal ha en skriftlig arbeidsavtale.

Et helhetssyn må videre forholde seg til hva det innebærer å leve og arbeide i en fremmed kultur. Ved flytting til andre land må det tas hensyn til familiesituasjonen. Det må legges til rette for at barns oppvekstvilkår i tverrkulturelle situasjoner blir best mulig. Forberedelsen må tilrettelegges og tilpasses samarbeidspartnerens prioriteringer. Misjonærene må følges opp og få mulighet til å bli en integrert del av samarbeidet. Det bør foreligge klare skriftlige avtaler om

tjenesteforholdet, arbeidsoppgaver og ansvarsområder.

Frivillige

Frivillige er en stor ressurs i arbeidet og bør både betraktes og behandles som verdsatte medarbeidere.

Det bør være ordnede forhold omkring utsendelsen av ettåringer/frivillige/volontører. En bør ta hensyn til forskjeller når det gjelder forutsetningene for tjenesten, samt lengden og karakteren av tjenesten

Innsamling og Økonomi

Formueforvaltning og budsjettering

Budsjettering og forvaltning bør skje i samsvar med gjeldende lovverk og foregå på en ansvarlig måte i overensstemmelse med klare, etiske prinsipper.

Innsamlinger

Innsamlinger skal skje i tråd med aksepterte etiske prinsipper (jfr innsamlingskontrollen). Størst mulig åpenhet bør tilstrebes.

Gaver og øremerkede midler

Gaver skal brukes i tråd med organisasjonenes uttalte målsetting. Organisasjonene må kunne gjøre rede for hvordan gavene er brukt og økonomirapporteringen må være gjennomiktig.

Eksterne samarbeidsparter

Misjonsorganisasjonene bør ha klare retningslinjer for utbetaling av prosjektmidler til eksterne grupper og samarbeidspartnere, også når det gjelder oppfølging og evaluering av slike prosjekter. Organisasjonene bør anvende habilitetskrav ved ekstern assistanse, og

det bør gis opplysning om omfanget av honorarer for tjenesteytelser og fastsettelsen av dem.

Regnskap og revisjon

Misjonsorganisasjonenes regnskap skal gi et sannferdig bilde av de økonomiske forhold. Presentasjonen bør være åpen og gjennomiktig. Revisjon bør skje ved statsautorisert eller registrert revisor eller andre uavhengige revisorer, som er valgt på betryggende måte.

Norsk Råd for Misjon og Evangelisering
07.12.2005

Vedtatt 07.12.2005 i sak 14 2005/2006:

Drøfting av forslag til "Retningslinjer for norske for norske misjonsorganisasjoner med internasjonalt engasjement/ Codes of Conduct".

Vedtak: Normes styre vedtar retningslinjene/Codes of Conduct slik de foreligger og anbefaler sine medlemmer å bruke disse i sine respektive organisasjoner og kirkesamfunn. Daglig leder vil sende ut retningslinjene med det første.

